

Samarbeidsavtale
mellom
Lindås kommune og
Berit Treningssenter, Lindås

Intensjonen med denne avtalen er å førebyggja sjukdom og skader, at tilsette i kommunen skal koma i betre fysisk form, og ikkje minst skapa positiv identitet til kommunen som arbeidsgjevar.

Tilsette i Lindås kommune kan i medhald av denne avtalen teikne medlemskap hos Berit Treningssenter til den prisen som er avtala i denne avtalen. Vikarar utanom tilfeldige vikarar, tilsette i lønna permisjon eller permisjon grunna sjukdom, kan nytte avtalen. Tvilstilfelle vert avklara av kommunen ved HMT.

Tilsette som får eit endra arbeidsforhold til kommunen, slik at avtalen ikkje kan nyttast, skal straks sørge for at medlemskapet sitt i Berit Treningssenter vert justert.

Avtalen gjeld frå 1.1.2004 til 31.12.2004.

Før eventuelt ny avtale etter 1.1.05, skal ein evaluere denne avtalen.

Forhandling om eventuell forlenging av avtalen vert å ta opp i november 2004.

Som medlem i Berit Treningssenter, betalar arbeidstakar i Lindås kommune 270,- kroner pr. månad til Berit Treningssenter.

Lindås kommune har ikkje noko som helst ansvar for innhald/tilbod/retteleing som tilsette får på treningssenteret.

Arbeidstakarar kan, i samråd med kommunen v/HMT, få tildelt gratis treningstilbod på Berit Treningssenter i inntil 3 månader. Dette som ledd i oppfølging eller førebygging av sjukefråve. Talet på slike gratis plassar kan i snitt i avtaleperioden utgjera 2 plassar, det vil sei at det i periodar kan vere fleire enn 2 og i andre periodar færre enn 2 som nyttar gratis plass. Arbeidstakarar som vert tildelt mellombels gratis plassar, vil få særskilt retteleing frå Berit Treningssenter.

Berit Treningssenter sender på oppmoding oversyn over medlemmer som er tilsette i kommunen. Berit Treningssenter klarerer med desse medlemene ved teikning av medlemskapet at informasjon om medlemskapet vert gitt vidare til kommunen v/HMT.

Avtalen inneber at Lindås kommune betalar totalt kr.10000,- til Berit Treningssenter. Faktura, for halve beløpet i mai og for halve beløpet i november, skal sendast Lindås kommune, Rådmannen v/ HMT, 5914 Isdalstø.

Kommunetilsette kan venda seg direkte til Berit Treningssenter for å nytte seg av avtalen. Dersom Berit Treningssenter har behov for å kontrollere at vedkomande er tilsett i Lindås kommune, kan ein klarere dette med kommunen v/HMT

Knarvik, 16. januar 2004

Berit Treningssenter

For Lindås kommune

Berit Wergeland

Oddvar Haugland